Vedtatt av styret 24.02.05
Rullert av styret 22.06.06, 21.06.07 og 16.10.08

Strategisk plan for Høgskolen i Telemark

2005-2009

- På veg mot universitet -

Høgskolen i Telemark (HiT) er i 2008 den fjerde største av dei statlege høgskolane, med ca 5 000 studentar og 500 årsverk. HiT har i alt ca 60 doktorgradsstipendiatar. Høgskolen har studiestader i Bø, på Notodden, i Porsgrunn og på Rauland, og driv desentralisert verksemd fleire stader. Saman med universiteta, dei vitskaplege høgskolane, kunsthøgskolane og dei andre statlege høgskolane er HiT del av eit nasjonalt nettverk for høgare utdanning, forsking og formidling. Høgskolens faglege verksemd kan delast inn i desse fagområda:

- *Helse- og sosialfag*
- *Kulturfag*
- *Lærarutdanning*
- *Teknologi og miljøfag*
- *Økonomisk-administrative fag*

Utdanningsverksemda femner om profesjonsutdanningar, disiplinorienterte og tverrfaglege studium på lågare nivå, og mastergradsstudium på 9 område. Det vert drive forsking og utviklingsarbeid innanfor høgskolen sine fagområde. Høgskolen tilbyr også doktorgradsstudium på nokre teknologiske fagfelt i samarbeid med Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Høgskolen har betydeleg eksternt finansiert verksemd og formidlingsverksemd, og ei rad internasjonale avtalar. HiT har ein godt utbygd infrastruktur.

Innhald:

Kapittel 1 Grunnlag 3
1.1 Verksemdsidé
1.2 Utfordringar
1.3 Langsiktig hovudmål
1.4 Vekst og utvikling
1.5 Fagprofil

Kapittel 2 Utdanning og læringsmiljø 5
2.1 Overordna målsetjingar
2.2 Mål
2.2.1 Studietilbod og studiegjennomføring
2.2.2 Dimensjonering og resultat
2.2.3 Studiekvalitet og læringsmiljø
2.3 Strategiar
2.3.1 Studietilbod og studiegjennomføring
2.3.2 Finansiering og ressursfordeling
2.3.3 Studiekvalitet og læringsmiljø
2.3.4 Undervisningsorganisering
2.3.5 Rekrutteringstiltak

Kapittel 3 Forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid 8
3.1 Overordna målsetjingar
3.2 Mål
3.3 Strategiar
3.3.1 Finansiering og ressursfordeling
3.3.2 Samarbeid
3.3.3 Fagleg leiing og arbeidsfordeling

Kapittel 4 Formidling, kommunikasjon og samfunnskontakt 10
4.1 Overordna målsetjingar
4.2 Mål
4.3 Strategiar

Kapittel 5 Internasjonalisering 11
5.1 Overordna målsetjingar
5.2 Mål
5.3 Strategiar

Kapittel 6 Personal- og organisasjonsutvikling 13
6.1 Overordna målsetjingar
6.2 Mål
6.3 Strategiar

Kapittel 7 Infrastruktur og støttetenester 15
7.1 Overordna målsetjingar
7.2 Mål
7.3 Strategiar

Kapittel 8 Rullering og oppfølging 16

1 Grunnlag

1.1 Verksemdsidé

Gjennom verksemda si skal Høgskolen i Telemark (HiT) medverke til utvikling av menneskets forståing, kulturens mangfald, naturens bereevne og teknologiens nyskapingskraft.

HiT skal vere ein av dei store og fagleg sterke statlege høgare utdannings- og forskingsinstitusjonane, og tilby utdannings-, forskings- og formidlingstenester av høg kvalitet med basis i regionale og nasjonale behov. Høgskolen skal vere regionalt forankra, ha godt nasjonalt omdømme og vere internasjonalt orientert, og medverke til innovasjon og entreprenørskap. Han skal setje studentane i sentrum, vere endringsdyktig, og vere prega av mangfaldet i regionens kultur, tradisjon, og samfunns- og næringsliv.

1.2 Utfordringar

I åra framover vil HiT møte ein situasjon med stram statleg økonomi, auka konkurranse, skjerpa krav, nye brukargrupper, meir marknadsorientering og auka internasjonalisering. Planperioden vil derfor gje utfordringar i form av behov for stadig omstilling av verksemda, fagleg utvikling, omdisponering av ressursar og auka inntening.

Det gjeldande finansieringssystemet inneber at ressursane i sterkare grad blir tildelte og omfordelte mellom institusjonane etter oppnådde resultat når det gjeld studiepoeng, kandidatar, formidling, og forsking og utvikling (FoU). Det er særleg naudsynt å produsere fleire studiepoeng og FoU-resultat. Høgskolen bør òg auke den eksternt finansierte verksemda slik at den faglege aktiviteten kan ha eit større omfang enn det den statlege løyvinga gjev rom for. Styrking av dei nemnde områda vil gjere at høgskolen får betre evne og høve til å utvikle seg vidare.

Perioden sektoren går inn i, ser også ut til å bli merkt av forenkling, av at byråkratiet blir mindre, av at detaljreguleringa blir avvikla og av at mynde blir delegert i større grad internt og eksternt, kombinert med strengare krav til resultat og resultatrapportering. Utviklinga går frå stor grad av forvaltning til meir fokus på leiing.

Omstillingstakten i samfunnet aukar sterkt. Gamle yrke forsvinn og nye oppstår raskare enn før. Ny informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) blir utvikla og teken i bruk i akselererande tempo. Internett har blitt ein global reiskap for kommunikasjon, informasjon, læring, og sal og kjøp av varer og tenester. Den einskilde kan få tilgang til kunnskapsutviklinga nærast uavhengig av tid og rom. Dette set krav til høgskolen om å ta i bruk ny teknologi og om å utvikle kompetansen og arbeidsmetodane sine.

HiT ligg i eit fylke med eit etter måten lite befolkningsunderlag og med eit næringsliv som endrar seg raskt. Fødselstala tilseier at talet på 20-åringar i Noreg stig jamt frå ca 51 000 i 2005 til over 59 000 i 2009. Den tilsvarande utviklinga i Telemark vil gå frå ca 1 850 i 2005 til ca 2 000 i 2009. Dette tyder på at behovet for studieplassar vil auke i planperioden.

HiT har ei viktig oppgåve i å medverke til at samfunns- og næringslivet i fylket veks og utviklar seg, og at nye arbeidsplassar vert skapte i regionen.

Ut frå dette vil hovudutfordringane vere å tilby tenester som er etterspurde, som held mål fagleg, som er relevante og som blir drivne så kostnadseffektivt som råd. Situasjonen set monalege krav til arbeidsmiljø og personalpolitikk, leiing, studentmedverknad og auka samhandling med samfunnet kring høgskolen.

1.3 Langsiktig hovudmål

Høgskolen har som ambisjon å få universitetsstatus innan 2013, anten aleine eller saman med andre. Dette føreset betydeleg ekstern økonomisk støtte.

1.4 Vekst og utvikling

HiT skal vekse frå sin noverande storleik på 4 500 studentar til 4 700 studentar (heiltidsekvivalentar finansierte over grunnløyvinga).

Noverande studiestader, inkludert Drammen, skal halde fram, men Grenland skal i sterkare grad utnyttast som potensiell marknad.

Høgskolen skal ta eit særleg ansvar som utviklingsaktør i Telemark.

1.5 Fagprofil

HiT skal styrkjast som akademisk institusjon gjennom å
- få rett til å tildele doktorgrad,
- auke tilbodet av mastergradsstudium til om lag 10,
- utvikle kompetanseprofilen sin vidare.

Høgskolen har desse spesielle endringsfelta:

Vekstområde - der studenttalet skal auke mest:
- Helse- og sosialfag
- Idretts-, kroppsøvings- og friluftslivsfag

Spissingsområde - der høgskolen skal byggje opp utdanningar på høgare nivå på eit nærare avgrensa område, og der FoU-verksemda og -kompetansen i særleg grad skal aukast:
- Gass- og energisystem - doktorgrad
- Det helse- og sosialfaglege området
- Det humanistiske området (språkdidaktikk) - mastergrad
- Det kulturfaglege området - doktorgrad
- Det pedagogiske området - mastergrad
- Det økonomisk-administrative området (opplevingsøkonomi) - mastergrad
- Økologi – doktorgrad
- Førebyggjande helsearbeid - doktorgrad

Omstillingsområde - som skal konsoliderast gjennom fagleg omstilling og konsentrasjon:
- IT-fag
- Natur- og miljøvernfag
- Teknologiske fag
- Økonomisk-administrative fag

Innanfor kulturfag og lærarutdanning skal omfanget av verksemda haldast oppe gjennom at den fagleg utviklinga held fram og at samarbeidet på tvers av avdelingar aukar.

2 Utdanning og læringsmiljø

HiT skal tilby høgare utdanning som er basert på det fremste innan forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap. Utdanninga skal femne om grunnutdanning, vidareutdanning, etterutdanning og doktorgradsutdanning. Det internasjonale perspektivet skal vere ein integrert del av utdanningane.

2.1 Overordna målsetjingar

Utdanningstilboda skal ha høg kvalitet, vere attraktive og imøtekome etterspurnaden etter kompetanse i samfunnet. Høgskolen skal ha fokus på læring og endring i eit stimulerande læringsmiljø.

2.2 Mål

2.2.1 Studietilbod og studiegjennomføring

a) HiT skal få rett til å tildele doktorgrad på nærare definerte område innanfor
   - Gass- og energisystem
   - Kulturfag
   - Økologi
   - Førebyggjande helsearbeid

   Tidspunkta for når dette skal setjast i verk, må vurderast ut frå framdrifta i planarbeidet og kostnadene ved drifta av tilboda.

b) HiT skal byggje opp nye studietilbod på mastergradsnivå i slik prioritert rekkefølgje:

   Fase 1:
   - Det humanistiske området (språkdidaktikk)

   Fase 2:
   - Det pedagogiske området
   - Det økonomisk-administrative området (opplevingsøkonomi)

Tidspunkta for når dette skal setjast i verk, må vurderast ut frå framdrifta i planarbeidet og kostnadene ved drifta av tilboda.

Studietilboda til høgskolen skal vere tilpassa etterspurnaden i samfunnet og høgskolen sin økonomi.

2.2.2 Dimensjonering og resultat

Høgskolen skal nå desse måla:

a) Talet på studentar (heiltidsekvivalentar finansierte over grunnløyvinga) skal auke frå om lag 4 500 til om lag 4 700. Auken skal særleg kome innanfor helse- og sosialfaga og innanfor idretts-, kroppsøvings- og friluftslivsfaga.

b) Den gjennomsnittlege produksjonen av studiepoeng pr student skal auke med 5 %, og minst liggje på gjennomsnittet for statlege høgskolar. Det skal vere auke på alle fagområde, men særleg der produksjonen er svakast i utgangspunktet.

c) Kandidatproduksjonen skal auke i takt med auken i produksjonen av studiepoeng pr student og talet på heiltidsekvivalentar.

d) Talet på kurstimar i eksternt finansiert etterutdanning skal auke med minst 25 %.

2.2.3 Studiekvalitet og læringsmiljø

a) Studiekvaliteten og det totale læringsmiljøet skal bli stadig betre målt ved dei indikatorane som inngår i høgskolens kvalitetssikringssystem, og systemet skal utviklast for å løyse denne oppgåva.

b) Samarbeidet mellom profesjonsutdanningane og yrkesfeltet skal styrkjast.

2.3 Strategiar

2.3.1 Studietilbod og studiegjennomføring

a) HiT skal tilby femårig lærarutdanning med integrert praktisk-pedagogisk utdanning i samarbeid mellom Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning og Avdeling for allmennvitskaplege fag.

b) Høvet til å ta mastergrad for lærarar skal bli utvida i samarbeid mellom Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning og Avdeling for allmennvitskaplege fag, og marknadsførast betre.

c) Talet på lærarar/lærarstudentar som utdannar seg i matematikk, norsk og engelsk skal auke.

d) På det teknologiske området skal studentsøkninga aukast ved at studia blir ytterlegare tilpassa etterspurnaden i marknaden. Ordninga med opptak frå yrkesfagleg studieretning (Y-veien) skal vidareførast.

e) I natur- og miljøvernfaga skal utviklinga følgjast nøye for å sjå i kva grad dei endringane som er gjennomførde i innhald og studieprogram, gjev den ønskte veksten i studentsøkning.

f) Innanfor IT-faga skal studentsøkninga aukast ved at studia blir gjennomgåtte og tilpassa til etterspurnaden i marknaden gjennom tiltak som endringar i studieprogrammet, integrering i andre studium, desentralisering og nettbasering.

g) Det økonomisk-administrative området i Bø skal framstå som eit klarare fagleg tyngdepunkt med auka vekt på FoU-verksemd og samhandling med regionalt samfunns- og næringsliv. Høgskolen skal vurdere grunnlaget for ytterlegare satsing i Grenland. Innanfor det økonomisk-administrative området skal reiselivsfag (opplevingsøkonomi) vere eit særleg satsingsfelt.

h) Høgskolen skal framleis tilby nokre studium som på ein særleg måte er med på å profilere høgskolen i nasjonal samanheng. Liksom for andre studium skal høgskolen jamleg vurdere oppfylling av studieplassar, gjennomstrøyming, kandidatproduksjon, kostnadseffektivitet og innpassing i høgskolens fagprofil elles.

i) Leiingsfag skal integrerast i høgskolens studieprogram i sterkare grad, og avdelingane bør samarbeide for å få dette til.

2.3.2 Finansiering og ressursfordeling

a) HiT skal samhandle med eksterne samarbeidspartnarar med sikte på å skipe eit universitets-/kompetansefond i Telemark for å kunne realisere universitetsambisjonane.

b) Kvart år skal HiT setje av strategiske satsingsmidlar til planlegging og oppstart av master- og doktorgradsstudium.

c) HiT skal utvikle eit system for kostnadsrekning av kvart einskilt studieprogram, og slike berekningar skal liggje føre kvart år når studieprogrammet blir fastsett.

d) HiT skal fastsetje krav til søkning, økonomisk berekraft og behov, og studium som ikkje fyller slike krav etter ein kost/nytteanalyse, skal leggjast ned.

e) Med grunnlag i studenttilgang og kostnader skal HiT vurdere om dei eksisterande mastergradsstudia skal førast vidare. Målet for talet på slike studium vert sett til rundt 10.

2.3.3 Studiekvalitet og læringsmiljø

a) HiT skal utvikle kvalitetssikringssystemet vidare i samarbeid mellom leiinga på alle nivå, dei tilsette og studentane, og integrerast i den faste verksemda.

b) Arbeidet med å setje prinsippa bak kvalitetsreforma ut i livet skal halde fram.

c) Undervisningspersonalet sin pedagogiske kompetanse skal bli betre, m.a. gjennom obligatoriske kurs i høgskolepedagogikk, kollegarettleiing m.v.

d) Pedagogikkmiljøet ved Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning skal styrkjast for å medverke fagleg til å auke den pedagogiske kompetansen og utvikle læringsmiljøet ved høgskolen.

e) Det skal arbeidast ut konkrete opplegg for å utvikle relevant praksisopplæring og yrkesretta FoU knytt til kvar profesjonsutdanning.

f) Organiseringa og kvalitetssikringa av samhandlinga mellom profesjonsutdanningane og yrkesfeltet skal betrast.

g) Dei studieadministrative tenestene skal betrast, m.a. gjennom tiltak for å utvikle kompetansen innanfor studierettleiing, sakshandsaming, kvalitetssikringsarbeid og fag- og studieplanarbeid.

h) Samarbeidet med SiTel for å vidareutvikle eit godt læringsmiljø skal intensiverast.

i) Høgskolen skal leggje til rette for betre samhandling med studentorgana, og lage ein plan for å utvikle studentdemokratiet.

2.3.4 Undervisningsorganisering

a) Fleire utdanningar, også etter- og vidareutdanningar, skal bli nettbaserte.

b) Høgskolens infrastruktur for IKT skal utviklast vidare og utnyttast betre gjennom å utvikle nye IKT-baserte lærings- og arbeidsformer og å auke den pedagogisk kompetansen på dette området.

2.3.5 Rekrutteringstiltak

a) Høgskolen skal arbeide ut nye strategiar for rekrutteringsarbeidet basert på auka kunnskap om studentrekruttering.

3 Forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid

HiT skal utføre forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid (FoU) innanfor sine fagområde for å kunne tilby oppdatert utdanning, for å medverke til innovasjon og verdiskaping, spesielt i eigen region, og for å medverke til at norsk høgare utdanning og forsking følgjer den internasjonale forskingsfronten.

3.1 Overordna målsetjingar

HiT skal ha sterke miljø for FoU og kunstnarleg-kreativ verksemd som hevdar seg nasjonalt og internasjonalt. HiT skal prioritere dei områda der høgskolen har eller skal etablere doktorgrads- og mastergradsutdanningar, og særleg dei nye spissingsområda. HiT skal leggje vekt på profesjonsretta forsking som viktige element i doktorgradsstudia.

3.2 Mål

a) HiT skal doble FoU-produksjonen målt i publikasjonspoeng innanfor dei kategoriane som vert lagde til grunn i finansieringssystemet.

b) HiT skal ha FoU-miljø av høg internasjonal standard innanfor områda for doktorgrads- og mastergradsstudium.

c) HiT skal auke omfanget av eksternt finansiert FoU.

d) HiT skal hente ein større del av dei midlane som er sette av nasjonalt til profesjonsforsking.

e) Gjennom samspel med regionalt samfunns- og næringsliv skal HiT ta del i fleire oppdrag for regional utvikling.

3.3 Strategiar

3.3.1 Finansiering og ressursfordeling

a) HiT skal samhandle med eksterne samarbeidspartnarar med sikte på å skipe eit universitets-/kompetansefond i Telemark for å kunne realisere universitetsambisjonane.

b) HiT skal ha ein intern fordelingsmodell som stimulerer til auka FoU-produksjon ved å føre insentiva vidare ned i organisasjonen.

c) Avdelingane skal stimulere til FoU-verksemd ved å nytte eigne midlar.

d) Strategiske FoU-midlar på institusjonsnivå skal rettast inn mot doktorgrads- og mastergradsområda, i samsvar med den overordna målsetjinga.

e) Sentralt finansierte rekrutteringsstipend skal rettast inn mot doktorgrads- og mastergradsområda.

f) Fagmiljøa knytte til doktor- og mastergradsstudia skal ha eit særskilt ansvar for å auke den eksterne finansieringa av FoU.

g) Internt finansierte doktorgradsstipend skal rettast inn mot profesjons- og praksisfeltet.

h) HiT skal auke tildelinga av midlar frå Forskingsrådet gjennom dei strategiane styret vedtok i S-sak 12/08.

3.3.2 Samarbeid

a) Samarbeidet med forskingsstiftingane skal utviklast vidare og intensiverast i samsvar med dei avtalane som er slutta.

b) Samarbeidet mellom profesjonsforskingsmiljøa i HiT skal forsterkast.

3.3.3 Fagleg leiing og arbeidsfordeling

a) Faglege leiarar skal ha eit særleg fokus på FoU i leiararbeidet sitt, m.a. ved å syte for at fordelinga av tid til FoU-arbeid skjer slik arbeidsplanordninga føreset.

4 Formidling, kommunikasjon og samfunnskontakt

HiT skal formidle kunnskap om verksemda si og medverke til at vitskaplege og kunstnarlege metodar og resultat blir forståtte og tekne i bruk både i offentleg forvaltning, kulturliv og næringsliv.

4.1 Overordna målsetjingar

HiT skal vere ein sentral utviklingsaktør, særleg i eigen region, som er open mot omverda, aukar samarbeidet med samfunns- og næringslivet, medverkar til innovasjon og verdiskaping, medverkar til å utvikle det lokal og regionale kulturlivet, og legg tilhøva til rette for at resultata av forskinga blir nytta slik at dei kjem samfunnet til gode.

4.2 Mål

a) Talet på publikasjonar i formidlingskategoriane skal auke med 20 %.

b) HiT skal auke talet på studierelaterte partnerskapsavtalar o.l. og ha aktive samarbeidstiltak under alle inngåtte avtalar.

c) Talet på partnerskapsavtalar innanfor kunst- og kulturfeltet skal auke.

d) HiT skal ha ordningar for hjelp til å kommersialisere forskingsresultat, og ordningane skal vere godt kjende blant dei av høgskolens medarbeidarar som driv aktiv forsking.

e) HiT skal auke sin målte kjennskap i opinionen frå dagens 10 % til 20 % i 2009.

f) HiT skal ha fleire avtalar om konkrete samarbeidstiltak med høgskolar i nærleiken.

4.3 Strategiar

a) HiT skal vidareføre arbeidet med eksterne referansegrupper/fagfora knytte til høgskolens fagmiljø, organisert gjennom avdelingane.

b) HiT skal samarbeide med private føretak og offentlege styresmakter, også gjennom oppsøkjande arbeid, for å auke talet på oppdrag der HiT kan levere forsking, utviklingsstøtte eller opplæring/utdanning.

c) Gjennom ulike prosjekt er det utvikla samarbeidsmodellar og nettverk som bør førast vidare etter at prosjekta er avslutta.

d) HiT skal utvikle og ta i bruk kvalitetssikringsrutinar for eksternt finansiert verksemd.

e) Personmobiliteten mellom høgskolen og arbeidslivet utanfor høgskolen skal auke gjennom utvekslingsordningar med yrkesfeltet, både slik at praktikarar blir trekte inn i høgskolens undervisning og slik at høgskolen sine lærarar hospiterer i praksisfeltet.

f) HiT skal vere aktiv når det gjeld å kommersialisere forskingsresultat, m.a. gjennom dei distriktsretta "såkornfonda" som er etablerte i samarbeid mellom regionale investorar og staten for å skaffe eigenkapital til nye prosjekt med stort potensial for verdiskaping.

g) HiT skal i høgare grad motivere og kvalifisere studentane sine for innovasjonsarbeid og entreprenørskap, og vidareføre arbeidet med studentføretak.

h) HiT skal auke samarbeidet med skoleverket når det gjeld formidling av resultat og metodar i forsking og kunstnarleg utviklingsarbeid, og leggje til rette for at elevar i vidaregåande opplæring kan følgje enkeltkurs i høgare utdanning, i samsvar med sentralt fastsette retningsliner.

i) HiT skal halde fram og forsterke samarbeidet med kommunane i Telemark med sikte på konkrete samarbeidstiltak.

j) HiT skal halde fram og forsterke samarbeidet med høgskolar i nærleiken med sikte på avtalar om konkrete samarbeidstiltak.

k) HiT skal framleis arrangere konsertar, utstillingar m.v. som formidlar den kunstnarleg-kreative verksemda i høgskolen.

l) HiT skal bli meir synleg gjennom auka deltaking i samfunnsdebatten.

m) HiT skal auke omfang og resultat av den eksternt finansierte verksemda gjennom dei strategiane styret vedtok i S-sak 13/08.

5 Internasjonalisering

HiT skal ha ei brei og aktiv internasjonal kontaktflate for å fremje auka kvalitet i høgskolens utdanningstilbod og FoU-verksemd og for å medverke til internasjonal kunnskapsutvikling, samarbeid og forståing.

5.1 Overordna målsetjingar

HiT skal tilby eit attraktivt fagleg miljø som er ope for internasjonale impulsar og kulturelt mangfald. Det skal vere godt høve til utveksling og samarbeid både for eigne og innreisande studentar og tilsette.

HiTs forskingsaktivitet skal knytast opp mot internasjonale miljø gjennom deltaking i internasjonale nettverk og program, og gjennom samarbeidsavtalar med utanlandske partnarar med godt omdømme.

5.2 Mål

a) HiT skal ha tilbod om eit tilrettelagt opphald på minst 3 månader ved ein lærestad i utlandet som del av utdanninga for alle gradsstudentar.

b) Talet på utreisande utvekslingsstudentar skal auke til minst 100 pr år.

c) Talet på utanlandske utvekslingsstudentar skal auke til minst 100 pr år.

d) Talet på kortare opphald i utlandet skal auke.

e) Talet på utanlandske gradsstudentar med finansiering over kvoteprogrammet, stipendordningar eller gjennom privat finansiering skal auke.

f) Talet på avtalebaserte lærar- og forskarutvekslingar ut og inn skal auke til minst 150 pr år.

g) HiTs studium skal medverke til å setje internasjonalt arbeid og globalisering på dagsordenen.

h) HiT skal søkje om å få tildelt ECTS-label.

i) HiT skal ha etablert "joint degrees" og "joint study programs" saman med nordiske, europeiske eller andre utanlandske avtalepartnarar på eitt eller fleire fagområde

j) HiT skal delta meir aktivt i internasjonale FoU-nettverk.

k) HiT skal auke samarbeidet med EU og særleg EUs nye medlemsland.

l) Høgskolen skal ha fleire avtalar om å utveksle studentar og personale med land i Sør.

5.3 Strategiar

a) Internasjonaliseringsverksemda skal styrkjast gjennom auka budsjettildelingar og gjennom at internasjonaliseringsfunksjonen på alle nivå, derunder dei administrative støttefunksjonane, vert styrkt og kvalitetssikra.

b) HiT skal slutte avtalar med utanlandske lærestader, og eksisterande avtalar skal aktiviserast, slik at høgskolen har eit nettverk for student- og personalutveksling som inkluderer alle gradsstudia høgskolen har.

c) Etablerte bilaterale avtalar, m.a. på mastergradsnivå, skal førast vidare og utvidast.

d) HiT skal delta meir aktivt i samarbeid rundt EUs rammeprogram for forsking, program under EØS, program under Nordisk Ministerråd og andre internasjonale FoU-program.

e) Det skal utviklast fleire undervisningstilbod på engelsk ved alle avdelingar.

f) HiTs studietilbod på bachelorgrads- og mastergradsnivå skal, der det er relevant for fagområdet eller utdanninga, innehalde identifiserbare element av globalt retta problemstillingar.

g) Både administrativt og fagleg personale skal få opplæring og informasjon om aktuelle finansieringskjelder og program for internasjonalt samarbeid om forsking og undervisning, om utforming av søknader m.v.

h) Tilsette og studentar skal få tilbod om kurs i engelsk og eventuelt i andre framandspråk.

i) Den engelskspråklege informasjonen om høgskolen på nettet og i trykt form skal bli betre og meir omfattande.

j) HiT skal gjere avtalar med SiTel om m.a. husvære og mottak av utanlandske studentar.

6 Personal- og organisasjonsutvikling

Høgskolens personalpolitikk, organisering og styrings- og leiingsordningar skal medverke til at høgskolen oppfyller primæroppgåvene sine, slik dei er nedfelte i Lov om universiteter og høgskoler og i høgskolens eigne planar og styringsdokument.

Kontinuerlege endringsprosessar krev eit systematisk arbeid med organisasjonsutvikling, med spesiell vekt på områda kultur, leiing, kompetanse og struktur.

Høgskolen skal byggje verksemda si på prinsippa for likeverd og likestilling.

6.1 Overordna målsetjingar

Som arbeidsgjevar skal høgskolen medverke til at medarbeidarane opplever arbeidsglede og trygge arbeidsvilkår. Arbeidsmiljøet og organisasjonskulturen skal vere stimulerande for at høgskolen når sine mål og for at den enkelte kan utvikle seg.

Høgskolen skal leggje vinn på at studentane medverkar aktivt i organisasjonsutviklingstiltaka ved høgskolen.

Høgskolen skal ha ei organisasjonsform, styringsorgan og leiing som fremjer fagleg utvikling, likestilling, mangfald, samarbeid og effektivitet.

6.2 Mål

a) Dei tilsette skal oppleve HiTs arbeidsmiljø som ope og trygt, med høve til utvikling og til å påverke eigen arbeidssituasjon.

b) Studentane ved HiT skal delta aktivt i organisasjonsutviklinga og det skal leggjast vekt på synspunkta deira.

c) Prosentdelen kvinner i første- og toppstillingar skal auke frå 15 til minst 30 %.

d) Prosentdelen kvinner i leiarstillingar skal auke frå 30 til minst 40 %.

e) HiT skal ha eit felles verdigrunnlag, ei sterkare fellesskapskjensle og auka forståing på tvers av avdelingstilknyting og funksjonar i høgskolen.

f) Høgskolen skal ha definerte mål og prinsipp for leiingsutvikling.

g) Prinsippa for mål- og resultatstyring, kvalitetsutvikling og miljøleiing skal vere ein integrert del av styrings- og leiingssystema ved høgskolen.

h) HiT skal ha det talet på toppstillingar som trengst innanfor områda for nye master- og doktorgradsstudium.

i) Prosentdelen første- og toppstillingar av alle undervisnings- og forskarstillingar skal auke til 35 %.

6.3 Strategiar

a) Høgskolen skal med jamne mellomrom kartleggje kor nøgde medarbeidarane er og korleis dei opplever jobben, og drive eit systematisk forbetringsarbeid gjennom oppfølging på gruppe- og individnivå.

b) Arbeidet med å få studentane aktivt med i utval, råd og styringsorgan eller alternative samhandlingsfora skal intensiverast.

c) HiT skal følgje opp dei tiltaka som handlingsplan for likestilling fastset.

d) HiT skal gjennomføre ein avdelingsovergripande verdi- og kulturprosess.

e) Høgskolen skal utvikle og gjennomføre program for leiaropplæring og leiingsutvikling.

f) HiT skal opprette nye toppstillingar på områda for nye doktor- og mastergradsstudium, så langt som råd ved å gjere om ledige stillingar.

g) Relevant FoU-kompetanse skal få sterkare vekt ved rekruttering av nye medarbeidarar i faglege stillingar.

h) HiT skal bruke tildeling av interne ressursar som FoU-tid og doktorgradsstipend for å auke talet på medarbeidarar med første- og toppstillingskompetanse.

i) HiT skal ta vare på og vidareutvikle kompetansen til undervisnings- og forskingspersonalet og teknisk-administrativt personale innanfor relevante fag- og arbeidsområde.

7 Infrastruktur og støttetenester

7.1 Overordna målsetjingar

HiT skal ha ein fysisk og teknisk infrastruktur som medverkar til å oppfylle høgskolens primæroppgåver ved trivelege og tenlege lokale og uteareal, oppdatert informasjons- og kommunikasjonsteknologi og moderne utstyr for undervisning, FoU og kunstnarleg-kreativ verksemd.

HiT skal ha IT-, bibliotek- og drifts- og administrative tenester som medverkar til å oppfylle høgskolens primæroppgåver og samfunnets krav til informasjonstryggleik gjennom rett organisering, bemanning og kompetanse og moderne arbeidsverkty.

Høgskolen skal i sterkare grad gjere seg nytte av IKT som reiskap i læreprosessane og for å effektivisere administrasjonen.

7.2 Mål

a) Bibliotektenestene ved HiT skal vere ein kunnskapsbank for høgskolens studentar og tilsette, for næringsliv og forsking i regionen og for allmenta. Bibliotektenestene skal medverke aktivt til eit stimulerande læringsmiljø og støtte FoU-verksemda ved høgskolen.

b) HiTs IKT-løysingar skal sikre at faglege og administrative ressursar blir meir tilgjengelege på nettet.

c) HiTs kommunikasjonsnett for IKT skal til kvar tid ha god nok kvalitet og kapasitet til å understøtte eksisterande og nye tenester og arbeidsformer.

d) Høgskolens informasjonstryggleik skal tilfredsstille krava i Personopplysningslova.

e) Bygningane som HiT leiger, skal utviklast i takt med verksemda og ut frå behova brukarane har, utan at kostnadene pr. student aukar.

f) Høgskolen skal oppfylle dei krava miljølovgjevinga stiller, og spesielt satse på miljøforbetring når det gjeld avfall, energi, innkjøp og transport.

g) Høgskolen skal ha ein innkjøpspraksis som er i tråd med lover og føresegner, som følgjer fastsette etiske retningsliner og som er effektiv og økonomisk.

7.3 Strategiar

a) Opplæring i å leite fram og arbeide med informasjon skal vere ein del av alle studium ved HiT.

b) Høgskolen skal vidareutvikle elektroniske bibliotektenester som er lette å bruke, som ein integrert del av høgskolens informasjonssystem der studentar og tilsette har direkte tilgang.

c) Høgskolen skal opne tilgang til fleire vitskaplege databasar, elektroniske tidsskrift i fulltekst og andre elektroniske informasjonsressursar, og arbeide for at bruken av slike ressursar aukar.

d) Høgskolen skal gjere vitskapleg materiale og studentarbeid som blir produsert ved høgskolen tilgjengeleg ("Open access" / opne institusjonelle arkiv).

e) Høgskolen skal ha oppdaterte samlingar av bøker, tidsskrift, elektroniske dokument og anna materiale.

f) Høgskolen skal arbeide for auka samarbeid om å utnytte eksisterande bibliotekressursar i regionen.

g) HiT skal skaffe og ta i bruk nye administrative støttesystem i takt med utviklinga i sektoren.

h) Høgskolen skal byggje ut kommunikasjonsnettet sitt for IKT i takt med at det nasjonale forskingsnettet vert bygt ut.

i) Høgskolen skal tilby IKT-ressursar for aktuelle fagområde og støttesystem for undervisning og administrasjon gjennom å standardisere og samordne IT-systema.

j) Høgskolen skal ha ein informasjonstryggleikspolicy for å sikre tilgang til og trygging av personopplysningar og annan viktig informasjon.

k) Nettverkssambandet mellom HiT og SiTels studenthyblar skal ha tilfredsstillande kapasitet.

l) HiT skal vere særleg merksam på laboratorium og verkstader med omsyn til krava til gode arbeidstilhøve for studentar og tilsette. Lokala skal stette krava til helse, miljø og tryggleik.

m) Disponeringa og trongen for ombygging og utbygging av høgskolens lokale skal vurderast i lys av korleis karakteren og omfanget av verksemda endrar seg, m.a. ved auka studenttal i Grenland.

n) Høgskolen skal følgje opp vedtatt strategi for miljøleiing.

o) Høgskolen skal følgje opp vedtatt innkjøpsstrategi.

8 Rullering og oppfølging

Denne strategiske planen skal rullerast årleg. I samband med rulleringa skal det gjevast ein rapport om utviklinga, sett i høve til dei måla planen fastset.

Planen skal følgjast opp gjennom årsplanar for alle høgskolens driftseiningar og gjennom den årlege budsjetthandsaminga.

Med utgangspunkt i den strategiske planen kan det bli fastsett særskilte handlingsplanar på spesielle område. Det vert teke eigne avgjerder om kva handlingsplanar som skal arbeidast ut, på område der det ikkje er lovfesta at det skal vere slike.